

# **RETNINGSLINER FOR PSYKOSOSIAL OMSORG OG STØTTE VED ALVORLEGE ULYKKER OG KRISESITUASJONAR I SELJORD KOMMUNE.**

## **Kriseteam.**

### **1. FORMÅL**

Formålet med kriseteamet er å hjelpe menneske som har vore utsett for store kjenslemessige påkjenningar i samband med ulykker/krise/katastrofar innanfor kommunen, og gje eit tilbod til innbyggjarane i Seljord som har vore utsett for tilsvarande opplevingar utanfor kommunen.

Trongen for slik hjelp vil variere sterkt frå person til person, det kjem an på både den faktiske hendinga og kjenslemessige reaksjonar hos dei som er innblanda i ei ulykke/krise. I tillegg vil behovet for krisehjelp variere ut frå kva slag nettverk dei berørte har. Ein veit og at tidlegare traumatiske opplevingar vil kunne påverke dei psykiske reaksjonane etter ei dramatisk hending.

Kriseteamet kan tre i kraft ved brå/uventad død eller krise. Teamet skal koma fort i gang, og trekke seg raskt ut som kriseteam. Kvar yrkesgruppe skal deretter arbeide vidare med individuell oppfølging i kraft av det ordinære tenesteapparatet.

Kriseteamet er ein del av Seljord kommune sin beredskap, og gjev tilbod i akuttfasen.

### **2. ORGANISERING**

Kriseteamet er tverrfagleg samansett av:

Fagleiar psykisk helse/rus

Kommuneoverlege

Prest

Barnevernleiar

Pedagogisk konsulent

Teamet organiserer seg sjølv i forhold til ulike arbeidsoppgåver internt. Kriseteamet kan kople inn andre fagpersonar ved behov.

Kriseteamet har to faste møte i året, elles ved behov. Leiar er ansvarleg for å kalle inn.

Teamet er direkte underlagt rådmann.

### **3. VARSLINGSRUTINER**

Kriseteamet sine tenester kan bli rekvirert frå lege, politi, ambulanse og brannvesen, eller legevaktsentral.

Teamet bør bli varsla ved sjølv-mord.

Den av teamet sine medlemmar som vert varsla, har ansvar for å kalle inn andre medlemmar.

Innkalling av ytterlegare personell vert vurdert av teamet.

Ved ulykker/kriseprega hendingar i kommunen sin eigen organisasjon, er det naturleg at rådmannen vert varsla.

#### **4. OPPMØTESTAD/BASE**

Teamet sin oppmøtestad er: Helsesenteret.

Dei i teamet som vert kalla ut skal alltid møtast fyrst før ein reiser ut. Så langt det let seg gjera skal ein aldri reise ut åleine.

( Det kan vera greitt å ha ein fast møteplass, men det kan ut frå situasjonen vera naudsynt med andre møtestader.)

#### **5. KONTAKT MED MEDIA**

Kriseteamet har ikkje sjølvstendig ansvar for kontakt med media.

Viser til gjeldande beredskapsplan

#### **6. DEBRIEFING**

Kriseteamet tek sjølv ansvar for eigen debriefing og sørgjer for naudsynt bistand.

Kriseteamet hjelper med debriefing av andre hjelpepersonell, men dette må avtalast frå den enkelte gruppeleiar.

#### **7. OPPLÆRING**

Grappa har sjølv ansvar for eiga opplæring.

Samarbeid med kriseteam i andre kommunar om opplæring og erfaringsutveksling er aktuelt.

Grappa vil kunne bidra med opplæring/rettleiing til andre i kommunen.

#### **8. INFORMASJON OM TILBODET**

Informasjon om kriseteamet skal vera tilgjengeleg på kommunen sin heimeside.

Kontaktinformasjon/varslingsplan for kriseteamet blir sendt til aktuelle instansar.

Kriseteamet har sjølv ansvar for å oppdatere kontaktinformasjon.

Aktuelle instansar:

Helsesenter/legevakt, AMK, Telemark politidistrikt, Brannvesen, Sentralbord i kommunen, Rådmann

#### **9. MEDLEMAR**

Rekvirerande instans vender seg til ein av følgjande medlemmer:

<b>Kriseteamet i Seljord kommune:</b>
Fagleiar avd psykisk helse/rus
Kommuneoverlege
Prest
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark
Pedagogisk Konsulent

Revidert januar 2020